



Statens vegvesen

Ing. Taule AS
Kvassnesvegen 33
5914 ISDALSTØ

Karl Atle Taule

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Unn Jenny Utne Kvam /
55516243

Vår referanse:
16/29467-9

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.08.2016


Tilleggsopplysningar – Byggeplan for avkøyrsløse – gnr. 172 bnr. 197 – Lindås kommune

Viser til tilsendt byggeplan, motteken 08.08.2016.

Detaljar i byggeplanen må avklarast med både plan- og forvaltningsseksjonen og vegseksjonen hos vegvesenet.

Plan- og forvaltningsseksjonen treng meir utfyllande opplysningar og teikningar før vi kan handsame byggeplanen:

- Tilsendt situasjonsplan viser ikkje høgder i vegbana. Det må utarbeidast lengdeprofil for sekundærvegen og opplysast om høgde på vegbana i primærvegen i tilkoplingspunktet der vegane møtest. Det kjem ikkje fram av tilsendt dokumentasjon om vegnormalen sine krav til helling er oppfylt.
- Informasjon om vegbreidder i fylkesvegen. Vi stiller særleg spørsmål om breidda i punktet som er markert med raudt nedanfor. Linjeføringa til køyrebanda i fylkesvegen forbi dette punktet er også uklar. Den må kome fram av byggeplanen.



Utsnitt frå tilsendt byggeplan.

Vi gjer merksam på at skissa som vart utarbeida av oss er ei prinsippskisse. Detaljar knytt til korleis den kan tilpassast eksisterande situasjon må avklarast i byggeplan.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

- Oppmerkingsplan: Vegmerking på strekninga som vert berørt av avkøyrsla, fortauet og endra linjeføring i fylkesvegen.

Vi ber om at vegteikningar vert utarbeida i samsvar med vår handbok R700

Tegningsgrunnlag

http://www.vegvesen.no/_attachment/61435/binary/964061?fast_title=H%C3%A5ndbok+R700+Tegningsgrunnlag+%2829+MB%29.pdf.

Når det gjeld vegseksjonen sitt ansvarsområde, som mellom anna knyter seg til drenering/overvasshandtering og oppbygging av vegen, så vi dei gjennomføre ei synfaring i saka. Etter synfaringa vil de få melding om det dersom det trengs utfyllande informasjon knytt til deira ansvarsområde.

Vi avventar vidare handsaming av saka til vi har motteke etterspurt tilleggsinformasjon.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.